

FOR DEG SOM BUR PÅ HYBEL

Når du leiger hybel gjeld reglane i *Husleigelova* (paragrafar i parentes).

Leigeavtale eller kontrakt skal vere skriftleg viss anten du eller huseigar ynskjer det. (§ 1-4)

Når du flyttar inn skal hybelen vere rydda, reingjort og i vanleg god stand. Sjekk dette før du flyttar inn, og dokumenter dersom det ikkje er i orden. Ved utflytting skal hybelen vere rydda, reingjort og i same stand som då du flytta inn. (§§ 2-2 og 10-2) Tips: Ta bilete av hybelen og inventar når du flyttar inn og når hybelen er ferdig reingjord når du skal flytte ut.

Husleiga skal vere bestemt til eit fast beløp, som kan inkludere kostnadane huseigar har for m.a. straum og kommunale avgifter. Leiga kan bli kravd inn på forskot kvar månad. (§§ 3-1, 4-1 og 3-2)

Husleiga kan ikkje aukast oftare enn ein gong i året, og du skal ha skriftleg varsel minst ein månad før husleiga vert auka. (§ 4-2)

Den som leiger hybel kan måtte sette inn pengar som tilsvarer leige for maksimalt 6 månader på ein *depositumskonto*. Desse pengane får du tilbake dersom alt er i orden på hybelen når du flyttar ut derifrå, og du har betalt husleige etter avtalen. (§ 3-5) Ta gjerne bilete slik at du har dokumentasjon.

Både du som bur på hybel og den som leiger ut hybelen har plikt til å halde vanleg ro og orden. Den som leiger må behandle hybelen og inventaret slik at ingen ting vert skadd eller øydelagt. (§§ 5-2 og 5-1) Huseigaren er pliktig å halde hybelen i god stand. (§ 5-3)

Huseigar har rett til å kome inn på hybelen for tilsyn eller vedlikehaldsarbeid. Du som leiger hybelen skal få beskjed i rimeleg tid før huseigar kjem på tilsyn. (§ 5-6)

Både du som bur på hybel og den som leiger ut hybelen kan seie opp leigeavtalen. Du har rett til å seie opp munnleg, og du treng ikkje gje nokon grunn. Du har krav på skriftleg oppseiing frå utleigar, med grunngjeving for at du vert oppsagt. Utleigar skal opplyse om at du har rett til å protestere på oppseiinga innan ein månad. Dersom du leiger hybel i huset der utleigar bur sjølv, er fristen for oppseiing éin månad. Dersom du leiger eiga leiligheit, er oppseiingsfristen tre månader. (§§ 9-4 og 9-5 og 9-6)

Har du tidsbestemt leige, f.eks. 12 månader, og du og huseigar ikkje har avtalt noko om oppseiing, må du sjølv betale for leige ut avtaleperioden dersom du seier opp før avtaletida er gått ut. For å sleppe å betale, kan ein sjølv skaffe ein annan til å ta over leigekontrakten. (§§ 9-3 og 9-6)

Kontaktpersonar: miljøkoordinator Lillian Løvold Lyng og Anne Grete Gjerde
Nygård tlf. 969 42 529

I skuleferien: kontakt Måløy vidaregåande skule: tlf. 576 37 889